



Ny redaksjon i *Namn og nemne*

Frå og med nummer 39 er Ivar Berg og Tor Erik Jenstad redaktørar.

Ivar Berg er professor i nordisk språkvitskap ved Institutt for språk og litteratur ved NTNU. Frå 2017 er han stadnamnkonsulent og frå 2018 med i Språkrådets fagråd for stadnamn.

Tor Erik Jenstad (dr.art.) er leksikograf og arbeider på prosjektet Norsk Ordbok A–H ved Universitetet i Bergen. Han har tidlegare vore namnekonsulent og sekretær for stadnamntenesta.

Vi vonar at vi kan vidareføre *Namn og nemne* som ein allsidig vitskapleg publikasjonskanal for norsk namneforskning. Lesarane vil neppe merke dei heilt store omveltingane, sjølv om vi kanskje vil gjera nokre mindre endringar i oppsettet av bladet.

Heile dette nummeret byggjer på konferansen «Stadnamn – språk, historie og landskap. Namnevitskapen i går, i dag, i morgon», som vart halde i Bergen 27.–28. oktober 2021 i høve 100-årsjubileet for Norsk stadnamnarkiv. Arrangør var Universitetet i Bergen ved Språksamlingane. Frå arrangøren har Peder Gammeltoft og Gunnstein Akselberg vore med i redaksjonen for dette nummeret. Alexandra Petrulevich heldt eit plenarføredrag ved konferansen, medan dei andre bidraga er omarbeidde ordinære innlegg.

Vi takkar alle som har sendt inn sine føredrag. Takk også til alle som velvillig har delteke i fagfellevurderinga.

Trondheim, november 2022

Ivar Berg
Tor Erik Jenstad